



Kjell Yri i ein av sine nye rollar

Ein av Kvinnherads kjende og fortente politikarar som takkar av til hausten er Venstres Kjell Yri. Imidlertid røper han for uskedalen.no at han kjem til å gå inn i mange nye rollar og ein av dei er som ver-observatør! Utstyret for registrering av vind, nedbør og temperatur er allereie på plass og data vert registrert på samme måten på Neset som Kurt Haugland lenge har gjort det på Korsnes nord. Her ligg forresten eit betydeleg spenningsmoment for den som vil engasjere seg i det: Er det stor skilnad på veret i dei to delane av Uskedalen?

Ein observasjon vi har gjort den siste store regnversdagen tyder på at det ikkje er det. Måndag stoppa nedbøren i vårt høgst uoffisielle måleglas på nøyaktig 50 millimeter. Vi tok kontakt med Kurt for å sjekke kor mykje nedbør han hadde registrert og data-anlegget stoppa på 49,6 millimeter! Men kva avslørte så Yris anlegg? Jo, tett oppunder noteringen til dei to andre - nærare bestemt i overkant av 45!



[Så mykje regn kom det måndag, det viser nettavisas svært uoffisielle måleglas](#)
Kjell fekk anlegget i gáve på 60-årsdagen for stutt tid sidan og avslører at det var noko han verkeleg sette pris

på og har ynskt seg lenge. Han har hatt ein langvarig interesse for verobservasjonar og no får han grundig utlaup for interessen.

Og allereie no kjem han med ein meir prinsipiell betraktning som folk kan merka seg: Folk flest i Uskedalen har ein tendens til å tru at vindstyrken er mykje sterkare enn den faktisk er. Når det vert sagt at det bles storm, bles det ofte ikkje meir enn liten eller stiv kuling. Dette vil no verta skikkeleg dokumentert - på to strategiske stader!

Utstyret som Kjell har montert er forresten noko enklare enn det som Kurt Haugland har på sin veranda. Men også Kurt starta med ein rimelegare variant og det overraskar oss ikkje hvis Kjell ganske snart satsar på meir avansert utstyr.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen